

Trekk ved lovverk og livsførsel under eineveldet

Denne artikkelen tar for seg forholdet mellom folk og øvrighet på 1600- og 1700-talet, med vekt på lovverket og på folks livsførsel. Temaet er stort, så her skal bare trekkast fram visse sider. Undersøkingar frå Agder som kastar lys over emnet, blir dessutan nemnt. Dei er få i tal hittil.

Grenser for samliv

Eg vil først nemne eit par eksempel som kan illustrere trekk ved lovverk og livsførsel i denne tida. I 1703 fekk eit par frå austre Råbyggelag, Svenning Olsen Gjeveland frå Åmli og Ingeborg Evensdatter Oland frå Gjøvdal, kongebrev, datert København 8. juni. Der stod det at dei var tilgitt for å ha hatt samleie utanfor ekteskap, det som i tidas språkbruk blei kalla leiermål. Det hadde nok blitt oppdaga ved at Ingeborg hadde født eit barn. I same kongebrevet fekk dei ekteskapsbevilling, trass i at dei var i slekt i tredje ledd, som det heitte. Det vil seie at dei var tremenningar.¹

12. mai same år fekk Ole Knudsen frå Bygland prestegjeld i Råbyggelag og Maren Svenkesdatter også lov av kongen til å gifte seg. Maren var enke, og den døde mannen hennar, Gunder Gunstensen, var i slekt med Ole i tredje ledd. I dette tilfellet var altså den tidlegare mannen og han som ho nå skulle gifte seg med, tremenningar.²

Lovene på denne tida sette forbod mot seksuelt samliv utanfor ekteskapet. Lovverket var strengt i sedelighets- og samlivsspørsmål, i tråd med det sjette bodet. "Du skal ikke bedrive Hor" formante kyrkja med den tids språkbruk. Du skal ikkje bryte ekteskapet, blei ordlyden seinare. Og lovverket følgde opp med strenge straffer. Frå 1617 skulle både menn og kvinner ved leiermål vedgå syndene sine offentleg framfor menigheta i kyrkja – stå kyrkjas disiplin som det heitte, og dessutan betale bot: menn 12 riksdalar og kvinner 6 riksdalar. Dette var praksis til 1767.

Lovverket sette forbod mot ekteskap mellom nærskyldte til og med tremenningar. Det gjaldt ikkje bare ved direkte slektskap, men også – og det er framandt for oss – ved indirekte slektskap. Det indirekte slektskapet omfatta slekta til tidlegare ektefelle. Men lova var ein ting, korleis folk levde kunne vere annleis, slik desse eksempla syner. Og skulle ein ha håp om å sleppe unna lovas ord og straff, måtte ein søke direkte til kongen. Han kunne sjå bort frå lova og gi samtykke til ekteskap, som i dei to nemnde eksempla.

Lovene under eineveldet omfatta mange sider av folks liv, ikkje minst på område av livet som gjaldt og samliv. Men det må nemnast at lovverket blei mindre strengt ut på 1700-talet. I 1770 blei det lov å inngå ekteskap "i visse af de ved Loven forbudne Leed", som det står.³ Lovene i tida var ikkje heilt fastlagde, endringar og justeringar kom. Og i

dette tilfellet kan vi tenke oss at folks livsførsel – som kunne innebære at folk ville gifte seg også med søskenbarn og tremenningar, eller med ein nær slektning til ein død ektefelle – var med og påverka lovgivarane slik at det kom endringar. Det gjekk i det heile føre seg ei liberalisering av lovverket i samlivsspørsmål sist på 1700-talet, og leiermål blei heilt avkriminalisert i 1812.⁴

Øvrighet, religion og folk

Øvrigheta som folk måtte forholde seg til, var kongen i København som frå 1660 var eineveldig og hadde all makt i staten. Embetsmenn og tenestemenn representerte kongen regionalt og lokalt i styret av land og rike. Frå reformasjonen blei innført 1536, var kongen overhovud for kyrkja, og dei geistlege tok seg av kontakten med folket på vegne av både stat og kyrkje. Prestane var mest talrike av kongens embetsmenn. Av øvrighetspersonar som var sette til å styre, hadde folket mest kontakt med prestane, frå vogge til grav. Dei geistlege representerte både Gud og kyrkje, konge og stat.⁵

I *Agders historie 1641-1723* skreiv eg eit kapittel om folket og livsførsla i denne tida med tilleggstittel ut frå desse karakteriserande stikkorda: Luthers og Guds bod, Kongens lov og straff.⁶ Bibelen blei særleg presentert for folk gjennom Luthers utdrag i den lille katekismen. Dette var læreboka inntil Erik Pontoppidans "*Sandhed til Gudfryktighed*" kom i 1737 med spørsmål og svar til Luthers katekisme.⁷

Folk fekk høre korleis dei skulle te seg ut frå Bibelen, først og fremst ved prestens ord frå preikestolen i kyrkja og i forkynning elles. Klokkaren hadde også plikt til å undervise folk. Og lovverket var utforma i tilknytting til religionen. På kyrkjebakken og på tinget fekk allmuen høre kva Gud/Luther og kongen – eller Bibel og lovverk – forventa at dei kjente til, og kva dei kunne vente av straff om dei braut lova. Kyrkja og tingsamlingane var dei to viktigaste arenaene der folk møtte representantar for øvrigheta. For dei fleste var kyrkja næraste møteplassen geografisk. Tingsamlingane var langt færre, tre eller fire gonger i året. Folk frå eit større distrikt enn eit kyrkjesokn møttest på tinget.

Protestantismen i form av Luthers lære kom som kjent med reformasjonen, innført i Danmark-Norge av kongen 1536. Luther presenterte viktige læresetningar i si lille katekisme. Den inneheldt dei ti boda, som kan kallast grunnreglar for livsførsla, Fadervår med tillegg av andre bønner, og dessutan Luthers hustavle som var utvalde bibelord for husstanden. Husstanden var sett på som ein hjørnestein i samfunnet, kvart individ var forventa å høre til i ein husstand.

Fram til 1720-30-åra var det religiøse livet prega av ein kollektiv kyrkjekristendom som er kalla ortodoksien, eller "rettroenhetens tidsalder". Det betydde at den rette trua, den luthersk-evangeliske lære, skulle forkynnast. Det skulle leggst vekt på kva som skilte denne lære frå katolisismen. Undersåttane skulle hjelpast til rett livsførsel, slik at dei kunne bli salige etter døden. Pietismen tok over som ei viktig retning innan kyrkja frå 1720-30-åra. Då blei det lagt vekt på at folk òg skulle ha ei personleg gudstru og religiøs livsførsel.⁸

Med kongen som den øverste leiaren av kyrkja, var stat og kyrkje i allianse. Dei sette krav til folks livsførsel og bestemte ritualpraksis og straffereaksjonar ved lovbrøt. Lover av mange slag regulerte det religiøse og verdslege livet i samfunnet. 1687 kom ei samla lovbok som var viktig for rettspraksisen under eineveldet. Det var Christian 5.s Norske Lov. I

tillegg kom det både før og etter den tid mange utfyllande detaljreglar og lovendringar gjennom forordningar, reskript, opne brev osv.

Staten regulerte samfunnslivet i stor grad og kontrollerte privatlivet til folk. Staten ville oppdra, disiplinere og kontrollere befolkninga og hadde eit fast grep om sentrale livsvilkår. Folk skulle tvingast til det dei styrande definerte som rett livsførsel. Det var ei plikt å gå i kyrkja og ei plikt å gå til nattverd. Den lutherske kyrkja med kongen som overhovud hadde enorm makt i samfunnet. Det er vanskeleg for oss i dag å forestille oss den makta som kyrkja og kongen hadde over folks liv frå vogge til grav.

Med det som er kalla statspietismen under Christian 6., konge 1730-1746, kom innføring av konfirmasjonen i 1736 og skoleplikt på bygdene etter 1739. Der var religiøs innlæring sentral. Skolen var jo i utgangspunktet ein kristendomsskole som skulle innprente forventna livsførsel i samsvar med dei ti boda og innhaldet elles i katekismen. Kunnskapen som der blei prenta inn i barn og ungdom, blei ein viktig del av den politiske og religiøse disiplineringa av det norske samfunnet. Skolen blei ein viktig sosialiseringsfaktor frå ein var barn.

I det heile sette Luthers lære, lovverk i tida og normer og skikkar i samfunnet rammer og grenser om folks levevis, som individ og i samvær med andre gjennom heile livet. Vi kan vanskeleg forestille oss tenkemåtene og verdsbildet som dominerte i samfunnet på denne tida.

Konventikkelplakaten 1741 forbaud samling om Guds ord i private heimar ved lekfolk. Kyrkjias dominans blei på denne måten ytterlegare understreka.⁹ Lovverket blei strengare på noen område. Men det kom òg ei oppmjuking av visse lovreglar sist på 1700-talet, slik vi har sett det i samlivsspørsmål.

Og på eitt område blei rettspraksis mildare alt då 1600-talet var over. På 1700-talet har vi ikkje lenger hekseprossar på Agder. Heksene, dei som blei sett på som trollfolk, hadde forbrote seg mot det første bodet: "Du skal ikkje ha andre gudar enn meg. Du skal ikkje misbruke namnet til Herren, din Gud". Den siste kjente trolldomssaka i rettsvesenet på Agder var frå Setesdal 1694.¹⁰ Den siste hekse blei brent i Norge i 1695. Bortfallet av hekseprossar fortel oss om endringar i mentalitet, om meir rasjonelle haldningar blant folk.

Lovene er som kjent normative, dei gir reglar for kva som er tillate og ikkje tillate. Rettspraksis viser bruken av lovene. På 16- og 1700-talet har vi fleire kjelder som viser både rettspraksis og korleis folk faktisk oppførte seg: referat frå tingsamlingane i tingbøkene, praksis ved påtale, rekneskapsmateriale med bøteleggingspraksis og dessutan dommar som folk fekk. Men det er langt lettare å få kunnskap om lovverket og om haldningane til dei styrande – dvs. mentaliteten sett ovanfrå – enn til vanlege folks oppfatningar og haldningar, eller mentaliteten sett nedanfrå. Sagt på ein annan måte, det som var synd slik Luther og kongen såg det, var ikkje alltid synd i folks tankegang og måten dei levde på.

Undersøkingar frå Agder

Det er til nå gjort få spesialundersøkingar som kastar lys over lovverk og livsførsel på Agder. Dei som finst, er utført av historiestudentar til embetseksamen. For 1600-talet er det to undersøkingar som gjeld temaet. I hovudoppgåva si undersøkte Margit Løyland

bøteleggingspraksis ved lovbrøt i visse tidsperiodar på 1600-talet for heile Agder, med bøteleggingsmateriale som kjelder.¹¹ Kristin Skuland tok for seg kvinnene som møtte på bygdeding i Lister ein kort periode i 1660-åra, der ho blant anna viser kva kvinnene var involverte i av straffesaker.¹²

La oss sjå nærare på kva Margit Løyland fann, då ho undersøkte kva egdene blei bøtelagde for på 1600-talet. Pengebøter var vanlegaste straffa på denne tida, folk blei pålagt å betale for det dei gjorde galt. Andre reaksjonsmåtar var offentleg skrifte i kyrkja – ei stigmatisering av syndaren framfor kyrkjelyden – forutan straffarbeid, landsforvising, pisking og i verste fall dødsstraff, alt etter alvoret i lovbrøtet slik det var vurdert i lovene. Gjennom bøtelegginga får vi derfor litt inntrykk av livsførsla til folk, kva det var som kyrkje og stat reagerte på gjennom lovverket.

Lovbrøt på Agder¹³

	1600-1615	1646-1660	1681-1695
	%	%	%
Vald	48	38	33
Seksualbrøt	11	27	39
Opposisjon	28,5	24	18
Eigedom/økonomi	10	11	7
Andre	1,5	1	3
	99	101	100
Sum 1)	1662	998	803

Kjelde: Margit Løyland: Slagsmål, leiermål og bøtelagte egder 1600-1700. Tingbokprosjektet, Oslo 1992. Vedlegg 1, s.145.

Vi ser av tabelloversikten at egdene på 1600-talet oftast blei bøtelagt for vald, for brot på samlivslover og for opposisjon mot øvrigheta. Valden var av mange slag. Det som dominerte, var bruk av øks og kniv og slåssing. Mykje av dette hendte når det var samankomster og festleg lag, som barselvisitt, dåp, bryllaup og gravferder. Færre blei bøtelagde mot slutten av århundret. Blei egdene meir siviliserte? Forsking syner at det var ein nedgang i valdsnivået i heile Norden, og ein har meint at det blant anna kan ha sin grunn i ein siviliseringsprosess i samfunnet i denne tida.¹⁴

Løyland såg òg på fordelinga av bøtelegging mellom dei fire fogderia på Agder: Lister, Mandal, Råbyggelag og Nedenes. Det viste seg at i Råbyggelag, dvs. Setesdal og det indre av Aust-Agder, dominerte valdsakene meir enn i andre område av landsdelen.

I hustavla i den lille katekisma tok Luther med desse orda frå Det nye testamentet: "Hvert Menneske være de foresatte Øvrigheder underdanig... Hvo som sætter sig mod Øvrigheden imodstaar Guds Forordning; men de, som imodstaa, skulle faa deres Dom". Lovbrota som gjaldt opposisjon, uttrykte misnøye og motstand mot dei som styrte og mot bestemningar i lovverket. Mange blei bøtelagt fordi dei ikkje møtte til tinget når dei var stemna dit, eller fordi dei hadde nekta å skyssse embetsmenn og andre øvrighetspersonar. Det var bøndene pliktige til etter lova. Andre former for opposisjon var manglande betaling

av skattar, forakt for rettslege vedtak og generell uvilje mot folk som representerte øvrigheta, og for ikkje ha følgd religiøs praksis, som å møte til gudsteneste eller nattverd.

Bøtelegging i saker som Løyland har gruppert under eigedom og økonomi, omfatta mest ulovleg handel, og at folk tok seg til rette når det gjaldt eigedomsgrenser og ulovleg tømmerdrift. Innbrot og tjuveri var det lite av blant egdene.

Tida hadde som nemnt strenge lover og straff for samliv og barnefødsel utanfor ekteskap. Vi ser av tabelloversikten at seksualbrota på Agder på 1600-talet var mange og aukande, relativt sett. Ei lov frå 1617 gjorde kvinna meir straffeansvarleg enn før, og dette forklarar at det var få som blei bøtelagt tidleg på 1600-talet samanlikna med seinare i århundret. Fordelinga av bøtene fogderia imellom, synta at leiermålsakene auka mest i Lister og Råbyggelaget.

Innleiingsvis nemnte eg eksempel på at kongen etter søknad kunne tillate ekteskap mellom ein mann og ei kvinne der dette etter lova var forbode på grunn av direkte eller indirekte skyldskap. For styringstida til Christian 5. (1670 -1699) er det laga ein oversikt over slike ekteskapsbevillingar i Norge. 1/5 av desse bevillingane var knytte til Agder, dei fleste til Lister fogderi. Det synta seg at Lister, Telemark og Ryfylke var område som hadde flest ekteskapsbevillingar i landet. Rolf Fladby, som laga denne statistikken, undra seg over dette. Han foreslo som forklaring at det i noen område meir enn i andre, må ha blitt sett som positivt å finne ektefelle utan å gå langt utanom slektskrinsen. Dessutan hadde dei nemnde områda stor prosentdel jord i bondeeeige, dette kunne òg vere ein del av forklaringa.¹⁵

Eg vil føye til at tynt befolkningsgrunnlag i indre bygder og utflytting av menn også må nemnast, i alle fall når det gjeld Lister. Derifrå var det mykje arbeidsvandringar til Holland. Dei mange kongebevillingane i ekteskapsspørsmål frå landsdelen er eksempel på at livsførsel og lovverk ikkje alltid stemte overeins. Mentalitet, lokale normer og økonomiske realitetar bestemte også korleis folk levde.

Også når paret gifta seg og barnet kom for raskt etter bryllaupet, blei det gitt bøter. Slik oppførsel blei ikkje tilgitt, sjølv om paret inngjekk ekteskap. Og det gjaldt høg som låg. Ein som blei prest i Holt prestegjeld sist på 1600-talet, Østen Sverdrup, fekk soknekallet først etter å ha blitt tilgitt av kongen då kona kom for tidleg i barselseng.¹⁶

Ole Gausdal har undersøkt kva som gjekk føre seg på tinget i Vats tinglag (Hægebostad, Eiken, Grindheim, Bjelland) i Vest-Agder tidleg på 1700-talet. Han fann at det der var varierende praksis i det tidsrommet han undersøkte, ved påtale for samlivsstart før ekteskapet. Det blei gitt fleire bøter når påtalen var forpakta bort og forpaktarane ville ha mest muleg inntekter, enn når lensmann og fut hadde ansvaret. Slik ulik påtalepraksis kan tyde på at folkeleg praksis stillteiande blei godtatt til vanleg, eller igjen, at lovverk og mentalitet i lokalsamfunnet samsvarer dårleg. Også på andre område der folk blei bøtelagde, fann Gausdal at lensmann og fut var mindre ivrige enn forpaktarane etter å følge lova.¹⁷

Kvinnene fekk oftast svi meir enn mennene for brot på lovverket i seksuelle spørsmål. Ved eit kongevedtak 1671 slapp soldatar bøter og skrifte i kyrkja ved leiermål. Seinare blei det bestemt at dette bare skulle gjelde ved første gongs leiermål. Kongen verna om soldatane sine.

Eit anna eksempel kan også illustrere at kvinner kunne få svi hardare enn menn. I 1722

fekk seks kvinner i Gjerstad prestegjeld (Gjerstad, Sønedeled, Risør og Vegårshei) barn utanfor ekteskap. Ein av fedrane var død, og fleire var omflakkande menn. Ein var skipper frå Hidra, ein annan var blitt soldat ved eit kompani i Kristiansand. Mellom desse fedrane var det også ein svenske som fór rundt i bygdene, og ingen visste kor han var.¹⁸ Kvinnene måtte ta straffa, mennene hadde lettare for å sleppe frå det.

Dersom barnet døde ved fødselen etter eit leiermål, og kvinna blei dømd for å ha drepe barnet, var straffa dødsstraff. Leiermål i "forbudne ledd" forsterka lovbroten så både mann og kvinne risikerte dødsstraff. Eit par frå Åmli, Inger Tverstøyl og Knut Mjåvasstøyl fekk dødsdom på slikt grunnlag. Dei blei i 1706 dømde til å halshoggast. Dei rømde frå dommen og flakka om i dei indre bygdene på Agder til dei etter 30 år blei benåda av kongen. Dette er skjønnlitterært skildra i ein trilogi av Engvald Bakkan.¹⁹

Korleis oppførsla til egdene, målt ved bøter og andre straffereaksjonar, var og eventuelt endra seg utover 1700-talet, er lite kjent. Det som gjekk føre seg på tinget i Vats tinglag først på 1700-talet, og kva det kan seie om livsførsla til folk, er som nemnt undersøkt av Ole Gausdal. Jfr. artikkelen hans i denne publikasjonen.

Ei undersøking av rettslege og sosiale følger av leiermål i Setesdal på 1700-talet er nyleg utført av Gerd Irene Aamlid Ødeskaug i ei masteroppgåve til embetseksamen.²⁰ Rundt 2,6 % av alle døypte barn i Setesdal i tida 1725-1815 var fødte utanfor ekteskap, ikkje eit stort tal. Folk visste at slikt var lovbrøt, og sosial kontroll påverka livsførsla. Det er òg nyleg skrive ei oppgåve av Halvor Midtjellse om leiermål i Lister 1788-1807, ei sosial undersøking av mødrer til barn fødte utanfor ekteskap.²¹

Særleg når det gjeld 1700-talet, skulle vi gjerne ha visst meir om korleis egdene oppførte seg på mange livsområde, sett ut frå Bibelens ord og lovverket i tidsrommet. Det er nok av undersøkingstema å ta fatt på for framtidens forskarar.

NOTER

¹ *Norske kongebrev, bind VII 1699-1703* (Rolf Fladby og Gunvor Foslie, red.). Norsk lokalhistorisk institutt, Oslo 1995 s. 260.

² Som note 1, s. 255.

³ Forordning av 27. desember 1770, i J. A. Schmidt: *Forordninger, aabne Breve, Placater m.m for Kongeriget Norge i Tidsrommet fra 1648 – 1813. Bind I, 1648 – 1770*. Christiania 1851, s. 728.

⁴ For endringar av lovverket på området, sjå Anna Tranberg og Hilde Sandvik: *Lover og forordninger ca. 1500-1800, i Kvinnekår i det gamle samfunn ca. 1500 – 1800* (A. Tranberg og H. Winge, red.). 2 utgave. Norsk lokalhistorisk institutt, Oslo 1994.

⁵ Jfr. Anne-Hilde Nagel: Enhver som frykter Gud skal ære Kongen. Kirkens oppgaver under eneveldet, i Ersland, Hovland og Dyrvik (red.): *Festskrift til Historisk institutts 40-års jubileum. Historisk institutt, Universitetet i Bergen*. Skrifter 2. Bergen 1997.

⁶ Ingeborg Fløystad: *Agders historie 1641-1723. Bønder, byvekst og borgarar*. Utgitt av Agder historielag. Bergen 2007. For meir omtale av lovverk og livsførsel på Agder i delar av eineveldeperioden enn det som er nemnt i denne artikkelen, sjå kapitlet "Luther og Guds bod, Kongens lov og straff. Folket og livsførsla"

⁷ Eit lite utdrag frå denne boka finn ein i Jan-Erik Ebbestad Hansen (red.): *Norsk tro og tanke. Bind I 1000-1800*. Tano Aschehoug 1998.

⁸ Nils Gilje og Tarald Rasmussen: *Tankeliv i den lutherske stat. Norsk idehistorie*, bind II. Aschehoug, Oslo 2002.

⁹ Om tilkomsten av Konventikkelplakaten, sjå Steinar Supphellen: I embetets grep. Om statskontrollen over religiøs liv på 1700-talet, i *Med Clio til Kringsjå. Festskrift til riksarkivar John Herstad* (Bråstad, Johannessen, Sirevåg, red.). Riksarkivaren. Skriftserie 13. Oslo 2002.

¹⁰ Om denne siste prosessen, sjå Reidar Vollen: *Bygland. Gard og ætt*. Bind II. Utgitt av Bygland kommune 2003, s. 35-39.

¹¹ Margit Løyland: *Slagsmål, leiermål og bøtelagte egder 1600-1700*. Hovedoppgåve i historie. Tingbokprosjektet, Oslo 1992.

¹² Kristin Skuland: *Kvinner på bygdeting i Lister len 1662- 1667*. Masteroppgave i historie, Oslo 2004. Tilgjengeleg på Internett i DUO – digital utgiving ved Universitetet i Oslo.

¹³ Innbetalte bøter ut frå sakfallslistene i futerekneskap.

¹⁴ Jfr. Jørn Sandnes: *Kniven, ølet og æren. Kriminalitet og samfunn i Norge på 1500-og 1600-tallet*. Universitetsforlaget 1990. Hans Eyvind Næss: Vold, i Normer og sosial kontroll i Norden ca. 1550-1850. Domstolene i samspill med lokal-samfunnet. *Rapport II til det 22. nordiske historikermøte i Oslo* 1994. Oslo 1994.

¹⁵ Rolf Fladby: *Thi byde og befale Vi. Riksstyrets norske korrespondanse under Christian 5. 1670-1699*. Norsk lokalhistorisk institutt. Oslo 1991 s. 49- 55.

¹⁶ Fløystad op.cit.s. 355.

¹⁷ Ole Gausdal: *Bygdetingets betydning på begynnelsen av 1700-tallet. En undersøkelse av aktiviteten på tinget i Vats tinglag 1700-1714*. Hovedoppgave i historie, Universitetet i Oslo 2006. Tilgjengeleg på Internett i DUO.

¹⁸ Fløystad,op.cit. s. 356.

¹⁹ Engvald Bakkan: *Krossen er din. Gjennom Fossane. Regnbogen i toreskya*. Oslo 1982.

²⁰ Gerd Irene Aamlid Ødeskaug: *Leiermål i Setesdal. En undersøkelse av rettslige og sosiale følger av utenomekteskapelig seksualitet i perioden 1725 -1815*. Masteroppgave ved Universitetet i Oslo 2006. Tilgjengeleg på Internett i DUO.

²¹ Halvor Midtfjellse: *Leiermål i Lister. En sosial undersøkelse av mødre til barn født utenfor ekteskap 1788 – 1807 samt en vurdering av illgitimitet i en befolkningshistorisk kontekst*. Hovedoppgave i historie 2007, Universitetet i Oslo. Tilgjengeleg på Internett i DUO.